

Strategisk Plan Hallingdal 2021-2024 Utkast pr. 10. april 2021

Innleiing

Hallingdal har hatt eit formelt interkommunalt samarbeid sidan 1952 og fekk sin første regionplan i 1973, som fyrste region i landet. Den fyrste strategiske planen for Hallingdal vart vedteken i slutten av 1997 og sidan har den vorte rullert kvart 4. år. I Strategisk Plan 2021-2024 tek me sikte på å vidareutvikle det gode samarbeide mellom kommunane i Hallingdal, men me vil også ta omsyn til parterskapsavtala med Viken fylkeskommune, regionale planar og nasjonale føringer. I tillegg har FN sine berekraftsmål vore sentrale i utforming av mål og innsatsområde.

Bakgrunn

I vedtekten til Regionrådet § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsigtnig mål- og strategidel og eit handlingsprogram.

Strategisk plan (SP) for Hallingdal 2021-2024, erstattar gjeldande Strategiske plan for Hallingdal 2017-2020 og handlingsprogrammet frå 2019. SP er resultat av ein prosess som har involvert politisk og administrativ leiing i alle kommunar, næringsliv, lag og organisasjonar, frivilligheita og Regionrådet.

Formål med Strategisk plan og handlingsplan

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan som tek stilling til dei langsigtnige utfordringane regionen står ovanfor og som gir retning for det regionale utviklingsarbeidet fram mot 2024. Planen skisserer satsingsområde og strategiar for å nå måla, og er konkret på kva vi ønskjer å oppnå når planen er gjennomført.

Til planen er det utarbeid ein handlingsplanen. Denne er meir detaljer på tiltaksnivå, har ein fireårig horisont, men med vekt på dei fyrste par åra.

Det første året i ny regionrådsperiode, skal ein vurdere behovet for rullering/revisjon av den overordna strategiske delen. Handlingsplanen blir revidert/oppdatert kvart år.

FNs berekraftsmål


FNs berekraftsmål er ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikheit og stoppe klimaendringar innan 2030. Berekraftsmåla inngår i FNs Agenda 2030 og består av 17 mål for ei berekraftig utvikling, samt ei erklæring om korleis verda skal oppnå denne utviklinga innan 2030.

I strategiske plan for Hallingdal her me veklagt følgjande berekraftsmål




Folkestalsutvikling, alderssamansetjing, flyttemønster

Folkestalsutviklinga i Hallingdal har dei siste ti åra vore tilnærma status quo. Eit forhold som spelar inn i statistikken er asylmottaka i Hallingdal der personar som hadde fått varig opphold er med i statistikken. Spesielt i 2015 – 2017 var det svært mang på mottak i Hallingdal og der det fleste mottaka vart lagt ned i 2017-18. Grovt sett er det Hemsedal som har hatt befolkningsauke og Nesbyen som har hatt ein befolkningsnedgang.



Like viktig eller kanskje viktigare er det å sjå på alderssamansetning og endringar over tid. Statistisk sentralbyrå (SSB) si framskriving av folketalet frå 2020 til 2050 syner grovt fortalt:

- 300 færre i aldersgruppa 0 – 19
- 900 færre i aldersgruppa 20 – 64
- 2600 fleire i aldersgruppa 65 år og eldre




«Befolkningsnedgangen i distriktene har over tid vakt stor politisk bekymring, men blir ikke nødvendigvis den største utfordringen framover. Flyttestrømmen fra distriktene forventes å bli mindre. Det har sammenheng med at det blir færre unge, en gruppe som erfaringssvis flytter mye, og flere eldre, en gruppe som erfaringssvis flytter lite. Tendensen forsterkes av at de eldre også blir eldre enn før. En motstrøm av tilbakeflytttere og nykommere vil fortsette. Denne motstrømmen har alltid vært der, men har tradisjonelt fått liten oppmerksomhet. I tillegg vil fortsatt innvandring være viktig. Resultatet kan bli at folketallet stabiliseres i mange distriktskommuner, men at aldringen samtidig blir en større utfordring enn før.»


Utvalet har i sitt arbeid lagt til grunn at dei aktuelle utfordringane er knytt til tre forhold:

- Befolkningsnedgang,
- Aldring
- Spreidd busetting

Hallingdal er ein av få distriktsregionane som skårar høgt på bustadattraktivitet. Dette har m.a vore ein med på å halde folketalet relativt stabilt dei siste åra, slik at regionen klarar seg bra samanlikna med andre distriktsregionar. Me er ikkje like attraktive når det kjem til arbeidsplassar, næringsliv og sysselsetting. (Sjå figur)


Me har industri der det skjer spennande ting, me har næringar basert på lokale ressursar og me er gode på reiseliv. Dette skal me ta vare på, og utvikle, men me treng fleire føta å stå på. Ei av hovudutfordringane for Hallingdal er eit for einsidig næringsliv. Det fører til at me tapar terreng samanlikna med andre regionar i Viken. Me treng derfor fleire arbeidsplassar som krev høgare utdanning og større variasjon





Deltidsinnbyggjaren

For Hallingdal som ein av dei største reiselivsregionane i landet er deltidsinnbyggjaren ei viktig brukar/ressursgruppe. Det har heile tida vore ei klar oppfatning i Hallingdal at dei «anslag» som blir gjort i forhold til «gjestestedøgn» for hyttehallingar og turistar er alt for låge. Hallingdal har over lengre tid nytta teedata som hjelpemiddel i samband med beredskap. Systemet har i tillegg gjeve interessante og nyttige tal å bruke elles for å måle trafikk. I Hallingdal er det gjort målingar kvar dag i ca. 18 mnd. Dette gjev eit unikt grunnlag for å vurdere faktisk tal på personar i kvar kommune og Hallingdal som region. Figur under tydeleggjer dette.



Dersom me gjer eit grovt anslag ut frå dei grunnlagsdata me har kan me skissere følgjande oversikt:

Snitt innb. pr. dag, totalt	46 724
Pluss 6% (utan mobil, avvik for SIM kort)	2 803
Fråtrekk innb. Hallingdal	-20 000
Fråtrekk ekstrern arbeidskraft	-1 000
Fråtrekk gjennomgangstrafikk	-1 000
Fråtrekk dagsturisme	-1 000
Gjestedøgn snitt pr. døgn	26 527
Gjestedøgn pr. år	9 682 355

Enkelt fortalt, Hallingdal har eit tal på deltidsinnbyggjarar som kvar dag året rundt er større enn innbyggjartalet. Det er her svært stor skilnad i forhold til dei tal som kjem fram ved å nytte tilgjengeleg statistikkgrunnlag.

Mogelegeheter og konkurransefortrinn

- Hallingdal har mindre reduksjon i befolkning og arbeidsplassar enn de fleste andre distriktskommunar
- Hallingdal er ein av dei største reiselivsregionane i landet
- 18000 hyttehallingar i dalen
- Geografisk plassering
- Ein arbeids-, bu- og serviceregion
- Gode bu- og oppvekstvilkår
- Levande bygder
- Kort avstand til Osloområdet/ Vestlandet, sentralt i Sør-Norge
- Hovudferdselsårer aust-vest
- Godt regionalt samarbeid
- Attraktive hytteområde
- Attraktiv natur

Fordi folk er forskjellige og har ulike preferansar for bukvalitet og karriere, har ein liten region som Hallingdal med eigenskapar som skil seg ut, mogelegeheter for å differensierte seg frå konkurrerande regionar. Hallingdal har moglighet til å spesialisere seg rundt næringer og kompetanseområde, der regionen sine spesielle eigenskapar står sentralt. Me har god plass, god tilgang på kraft og er godt egna for næringer der lokalisering er underordna

Verdigrunnlag

Korleis ønskjer me at regionen og folk i dalen skal framstå eller bli oppfatta av andre?

For å nå måla skal samarbeidet i Hallingdal ta utgangspunkt i eit felles verdigrunnlag som seier noko om korleis me vil at regionen og dei som bur her skal framstå eller bli oppfatta av andre. Desse haldningane skal prege samarbeidet i eigen organisasjon, mellom kommunane i Hallingdal, og samarbeidet med andre.

LEIKEN: Me jobbar på lag, er rause og inkluderande, og me skal tenke nytt når me saman skal utvikle Hallingdal. Me ynskjer å skapa møteplassar som motiverar, inspirerer og gjer arbeidet lystbetont.

EKTA: Me er høflige, opne og ærlege. Ekta viser også til det naturlege og autentiske. Me ønskjer å utvikle dei naturgitte fordelane i dalen og levere god kvalitet på alle område.

- FRI:** Hallingdal har god plass og flott natur der ein kan føle seg fri, men det viser også til mangfald og toleranse. Det er plass til alle og det er lov til å vera den ein er.
- FRISK:** Hallingdal skal vera ein god region å bu i og koma på besøk til og ein attraktiv region å arbeide i. Me skal vera livskraftige og vitale i vårt arbeid for å oppnå dette.

Overordna mål

Hallingdal er ein meir attraktiv, framtidsretta og produktiv region, der alle har mogelegheit til å leva eit godt liv, som innbyggjar, hyttehalling og besøkande.»

Det betyr at me har fleire arbeidsplassar, positiv folketalsutvikling, betre livskvalitet og lågare klimautslepp enn i dag.

Hallingdal skal vera ein god region å bu og opphalde seg i. For å få til dette må vi ha eit variert næringsliv og arbeidsplassar til alle. Ambisjonen er at den totale verdiskapinga skal auke og at vi får til dette gjennom innovasjon og nyskaping i eit tett samarbeid mellom myndigheter, kunnskapsinstitusjonar og næringsliv. Vidare er det eit mål å utvikle eit moderne og berekraftig samfunn der me samstundes tek ta vare på naturen, miljøet og dei naturgitte fordelane vi har i Hallingdal. (Smart Village-tankegang) Fordi vi er små, er det eit mål at både samfunnsutvikling og utvikling av tenestene skjer i tett samarbeid mellom kommunane i dalen, næringsliv, sentrale styresmakter og folk som bur og oppheldt seg i dalen.

Innsatsområde og resultatmål

Kva skal me samarbeide om og kva skal me utvikle for å nå måla?

Hallingdal sine innsatsområde er næringsrelaterte, men handlar også om andre aspekt som er viktige for at folk skal koma hit, trivast her og bli her. Livskvalitet, infrastruktur, berekraft og samarbeid er viktige område for Hallingdal.

NÆRINGSLIV OG KOMPETANSEUTVIKLING

Hallingdal ønsker samarbeid på alle plan for å gi næringsaktørane betre grunnlag for verdiskaping, tilgang til kompetanse og forståing for å gjere seg nytte av mogleighetene som finst. I dette ligg også eit auka fokus på samarbeid og innovasjon mellom det offentlege og næringslivet. Variasjon og breidde i arbeidsmarknaden er avgjerande for å vere attraktive.

KOMMUNIKASJON OG INFRASTRUKTUR

Hallingdal ønskjer felles satsing på betre infrastruktur på veg og bane for å auke attraktiviteten for næringsutvikling, busetjing og besøkande. Dette gjeld både internt i dalen og inn og ut av dalen. I tillegg er det eit kontinuerleg satsing på å digitalisere infrastrukturen.

KLIMA OG MILJØ

Hallingdal skal vera eit berekraftige og moderne samfunn der både økonomiske, sosiale og miljømessige verdiar gjennomsyrar det me gjer. Me vil ta i bruk forsking, ny teknologi og innovasjon for å skapa ein grønare dal, nye og betre tenester, nye samarbeidskonstellasjonar og nye typar forretningsmodellar i eit framtidsretta samfunn.

ATTRAKTIVITET OG OMDØMME

Det skal vera attraktiv i bu, gå på skule, jobbe og ha fritid i Hallingdal. Her skal det være trygt å vekse opp, godt og bu og dei som kjem på besøk skal bli tatt godt i mot. Hallingdal skal profilera seg på dette, framheve folk som ressurs og tydeleggjere at me er ein region der

TENESTEPRODUKSJON

Auka samarbeid mellom kommunane når det gjeld framtidsretta og gode kommunale tenester for dei som oppheldt seg regionen.

Resultatmål pr. innsatsområde

NÆRINGSLIV OG KOMPETANSEUTVIKLING

NÆRINGSUTVIKLING – ARBEIDSPLASSAR – INNOVASJON - KOMPETANSEBYGGING

- Vekst i verdiskapinga totalt sett for Hallingdal (lønnsomt næringsliv)
- Auke i talet på arbeidsplassar (inkl arbeidsplassar for unge, grønne arbeidsplassar, arbeidsplassar med krav til høgare utdanning, heilårsarbeidsplassar og statlege arbeidsplassar)
- Betre oppfølging av nyetablerte bedrifter slik at fleire blir i stand til og vekse og utvikle seg
- Fortsette fokuset på utvikling av eksisterande næringsliv
- Alle kommunar har tilgjengelege næringsareal
- Innovasjonssatsinga i Hallingdal er vidareført
- Auka innkjøp av lokale varer og tenester som følgje av betre og meir tilpassa avtaler og betra innkjøpskompetanse.
- Tettare samarbeid om næringsarbeid og næringsetablering mellom kommunar, både om arealbruk og lokalisering av næringsetablene
- Det er etablert fleire desentraliserte utdanningstilbod på fagskule og høgskule
- Skule og næring jobbar tettare saman

INFRASTRUKTUR

JERNBANE – VEG – BREIBAND - KOLLEKTIV satsing

- Det er korttare reisetid til og frå Hallingdal
- Ringeriksbanen er påstarta
- Vegpakke Hallingdal er påstarta
- Betre kollektivtilbod og fleire kollektivavgangar
- Fleire bustader og fritidsbustader har fått fibertilknyting (fast og trådlaus)
- Betra vinterregularitet på fjellovergangane
- Det er etablert fleire ladepunkt for el-bil og el-sykkel i Hallingdal

KLIMA OG MILJØ

EIN GRØNARE DAL – KLIMAUTSLEPP - AVFALLSHANDERING

- Dei totale klimautsleppa er redusert med 25% frå referanseåret 2009
- Det er innført sortering av alt avfall
- Mindre gods på veg, meir gods går på bane
- Alle destinasjonar er sertifiserte som bærekraftige reisemål
- Auke i talet på miljøfyrtårnsertifiserte bedrifter
- SMART VILLAGE tiltak er vurdert
- Hallingdal er etablert som ein «grøn region» m.a gjennom GRØN VEKST HALLINGDAL
- Hallingdal har eit betre og meir formalisert klimasamarbeid
~~(Sirkulærøkonomi/delingsøkonomi)~~

ATTRAKTIVITET OG OMDØMME

LIVSKVALITET – STADSUTVIKLING - REKRUTTERING - PROFILERING

- Hyttehallingar og besesøkande oppheldt seg lengre i Hallingdaøl.
- Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder har stige med 1%.
- Fleire flytter til og færre flytter frå og blir buande.
- Hallingdal profilerer seg alltid som EIN bu og arbeidsregion utanfor kommunen.
- Hallingdal profilerer seg betre mot eigne innbyggjarar.
- Målt livskvalitet har betra seg
- Innbyggjarar og hyttehallingen blir involvert i stads- og samfunnsutvikling.

TENESTEUTVIKLING

FAGMILJØ – SAMHANDLING – DIGITALISERING - KVALITET

- Me har tatt i bruk ein felles digitaliseringsstrategi.
- Innbyggjarane i Hallingdal kommuniserer digitalt med kommunane gjennom heile livsløpet.
- Me har samla små, sårbare kommunale fagmiljø i større einingar.
- Kommunane ser på frivillige som ein ressurs i større grad enn før.
- Me har vurdert felles vikarpool i Hallingdal

Handlingsprogram

NÆRINGSIL OG KOMPETANSEUTVIKLING					
Næringsutvikling og arbeidsplassar		Tidsramme	Ansvar	Innvolering	Merknad
	Utvikle sykkelsatsinga i regionen for å skape fleire heilårs arbeidsplassar	Årleg	Tråkk'n Roll	Kommune, Nærunga, RR	Krev finansiering
	Utvikle Hallingdal som «næringsvenleg region» Utarbeide ein digital portal med oversikt over alle ledige næringareal næringstomter, ressurspersonar og støtteordningar	2021	Nærings-forum	RR, HNH kommune	
	Arbeide aktivt for å få fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar til regionen	Årleg	RR		
	Iverksette «prosjekt Hyttehallingen»	2021	RR	Kommune og hyttefolk	Søke midlar frå Viken
	Starte prosjekt «Berekraftig vekst og utvikling for nystartarar i næringslivet»	2021	Etablerer-senteret	HNH	
	Etablere eit investeringssfond som stimulerer lokalt næringsliv	?	?	?	Realistisk?
	Utarbeide ein <u>innkjøpsstrategi</u> for å tilpasse utlysingar slik at lokale aktørar kan delta og på den måten bidra til å ivareta, styrke og videreutvikle lokalt næringsliv.	2021	Kommune		
	Utrede eit regionalt innkjøpskontor med 1 – 2 personar med regional innkjøpskompetanse	2022	Kommune		Krev kom. finansiering
	Etablere pilot på tiltak med nasjonal interesse	?	?	?	KAG?
	Arrangere yrkesmesse	2022	RR	HNH	Finansiering frå fylke?
	Arbeide for å sikre arbeidsplassane på NORTURA	2021		RR	
	Gjennomføre Verdiskaping- og ringvirkningsanalyse for Hallingdal	2021			Berekraftig reisemål
Innovasjon		Tidsramme	Ansvar	Innvolering	Merknad
	Etablere eit senter for innovasjon i Hallingdal	Vår 2021	HNH, Torpomoen	RR, HNH kommune	Søkt midlar frå Viken
	Innføre ein innovasjonskultur i kommunane gjennom deltaking i heilheitleg innovasjonsprogram	Årleg	Kommunane		
Kompetanseutvikling		Tidsramme	Ansvar	Innvolering	Merknad
	Utvide fagskuletilbodet i Hallingdal	2022	RR	Kommune, Nærunga, RR FIV	
	Legge tilrette for fleire desentraliserte studietilbod	2021	RR		
	Kople studentar og bedrifter som tilbyr arbeidsplassar. Jobbe oppsökande mot studentar, (verdiskapingsprogram for unge personar med høgare utdanning, internship, karrieresenter, Ung Invest, læringscenter OPUS Vaksenopplæring vidaregåande.)				

	Arbeide for høgskuletilbud i Hallingdal	Årleg	Kompetanse utvalg	RR, Kommune
	Arbeide for tilrettelagt og relevant yrkesfagtilbod.		Kompetanse utvalg	RR, Kommune, Viken
	Vidareføre Ungt entreprenørskap Hallingdal	2021	UE	RR, Viken
	Sikre tilstrekkeleg tal på lærlingepllassar i Hallingdal		Kommune Næringsliv	Finansiering 300 000

INFRASTRUKTUR					
Jernbane	Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad	
Arbeide aktivt mot investeringsavgjer på Ringeriksbanen i mai 2021	mai 2021	RR	FBN		
Sikre tilgjengelig transport av sykler på tog	2021	Berekratig reisemål?	VY	Er det nedsett ei gruppe?	
Veg	Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad	
Arbeide for gjennomføring Vegpakke Hallingdal	2021	RR			
Arbeide for utvikling av Rv7 og Rv52 i tråd med NTP 2018 - 2029	2022	RR			
Arbeide for betra vinterregularitet på fjellovergangane	2022	RR			
Få på plass fleire ladepunkt for el-sykkel og el-bil	2022	RR	Kommune RR		
Breiband	Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad	
Vidare breibandutbygging i samarbeid med Hallingdal Kraftnett	2022	RR	Kommune, VIKEN		
Utbygging av 5G nettet	??				
Kollektiv og trafikktryggleik	Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad	
Arbeide for betra kollektivtransport og betre dimensjonering av tilbodet – korrespondanse og samkjøring mellom bussavganger og buss-/ togavganger	2021	VY	VIKEN kommune	Partnarskaps avtale Viken	
Etablere lokal kommunal kollektivtilbod i og mellom kommunane i Hallingdal	?? Realistisk	RR, Kommune		Krev finansiering	
Auke tall avganger med kollektiv-transport i forbindelse med helger og høytider		RR	VY, VIKEN	Arbeids- gruppe	
Sjå på moglege lokale transportordningar for gjester som reiser kollektivt (delingstenester)		RR			

KLIMA OG MILJØ					
Ein grønare dal (organisering)		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Utarbeide felles klimaplan i Hallingdal		2022	Klima- nettverk	commune	
Utarbeide felles retningsliner for arealbruk og for å ivareta sårbar natur og fremje naturmangfold		2021	Klima- nettverk	commune	
Innføre klimaråd i kvar kommune		2021	Kommune		
Få på plass ein klimakoordinator i Hallingdal		2022	RR, commune	VIKEN commune	Delfinansiert Frå Viken
Vidareføre Grøn Vekst Hallingdal		2021	RR	Eige prosjekt	Krev finansiering
(Innføre Grøn skule og grøn barnehage i kommunane?)		2022			Usikker på realisme
Utarbeide felles retningsliner for klimavennlige innkjøp		2021	commune	Viken	
Klimautslepp		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Delta i klima Viken		2021	commune		
Innføre klimabudsjett og klimareknaskap i kvar kommune		2022	commune		Gol er pilot
Gjennomføre tiltak i «Klimakur 2030»		2022			
Avfallshåndtering		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Etablere sortering på alt avfall		2023	RR, HR	Kommune, Næringa, RR	
Påverke bøndene til å sortere og levere all rundballeplast		2021	Kommune		
Arrangere søppeldugnad i alle kommunar		2021	commune		

ATTRAKTIVITET OG OMDØMME					
Livskvalitet		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Oppfølging av funn i Livskvalitetsundersøkinga		2021	RR/ commune	Kommune, FHI	
Innføre regionalt friluftsråd		2022	Kommune RR		Sjå vedlegg
Innføre prosjekt bu/blilyst i alle kommunar. Betre tilflytting, integrering, innvolvering og trivsel		2022	commune		
Rekruttering		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Vidareutvikle jobb i Hallingdal		2021	RR		
Arrangere eit Hallingt treff pr år i dei store byane		Årleg	RR		
Utarbeide bustadpolitisk handlingsplan (Prøvebuprosjekt kan inkluderast) inn under strategisk næringsplan i kvar kommune)		2021	kommunane		
(Kulturtiltak – historiske opplevingar, kultur som næring, lokalmat og tradisjonar)		?	?	?	?
Innføre Nyby som verktøy for å mobilisering av frivillige					

Profilering		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Etablere ein overordna informasjons/profileringskanal for Hallingdal. (Hallingdal.no, Fritid Hallingdal, Kva skjer i Hallingdal, destinasjonsselskapa, Kommunane, regionrådet, ulike bookingsider, jobb i hallingdal)		2021 - 2022	RR	RR Kommune Næring	Prosjekt Kostnad 250 000
Vurdere ein stilling øyremerka profilering og drift av Hallingdal.no + sosiale medier	2022	RR	RR, kommune næring	Kostnad 1.mill. pr. år	
Etablere eit felles tenestetorg	2022	kommune			
Arrangere vertskapskurs som inkluderer kunnskap om bærekraftig reiselivsutvikling annankvart år	2021	destinasjon	kommune	Berekraftig reiseliv	
Styrke felles markedsføring av Hallingdal som heilårstillegg til destinasjon		Destinasjon	kommune		

TENESTEUTVIKLING					
Fagmiljø		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Kartlegge/vurdere kva fagmiljø og kva tenester som kan profittere på å bli større og samarbeide tettare	2021	Rådmanns-utvalget		Sjå liste nedanfor	
Kartlegge kva planar og styringsdokument som kan være felles i Hallingdal	2021	Rådmanns-utvalget			
Formalisere samarbeid på plansida i Hallingdal.	2021	Plangruppa		Ønskje frå gruppa sjølv	
Digitalisering		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Innføre felles digitaliseringsstrategi i Hallingdal	2021	IKT	kommune		
Restrukturere organisering og leiing av digitale tenester og løysingar	2021	IKT	kommune		
Samordne bruken av digitale løysingar i kommunane	2021	IKT	kommune		
Delta i DigiViken	2021	IKT	kommune		
Harmonisering av PLO systemet i retning AKSON	2022	IKT	kommune		
Innovasjon og kvalitetsutvikling		Tidsramme	Ansvar	Involvering	Merknad
Kartlegge kva planar og styringsdokument som kan være felles i Hallingdal	2021	Rådmanns-utvalget			
Innarbeide velferdsteknologiprosjektet i linjeorganisasjonen.	2021	Kommunane		Krev ein regional ressurs	

	<p>Administrative oppgåver som ein kan vurdere samarbeid om</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innkjøp (Utvide dagens ordning?) • Økonomi • Lønn • Personal • Juridisk kompetanse/forvaltningskompetanse • Felles sentralbord • IKT (sjå på dagens ordning) • Næring • Jordbruk • Skogbruk • Byggesak • Plan/samfunnsutvikling • VA området • Energi og Miljø • Beredskapssamarbeid • Brann (alle kommunar saman?) • PPT (sjå på dagens ordning) • Barnevern (sjå på dagens ordning ved ny org av bufdir) • Kommunepsykolog • Felles kommuneoverlege • Felles innsats for ungdom • Avlastningstilbod for barn og unge • Ressurskrevande brukarar • Grunnskuledrift for vaksne • Integreringsteneste 			
--	---	--	--	--